

- KUNNGJERING -

Søknad om løyve til å regulere og ta ut vatn frå Keipevatnet til reservevassforsyning i Kinn kommune

NVE har motteke søknad frå Kinn kommune om løyve til å regulere og ta ut vatn frå Keipevatnet i Kinn kommune. Vatnet skal nyttast som reservevassforsyning til Florø vassverk. Søknaden vert behandla etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova, og gjeld løyve etter § 8 i same lov.

Søknaden med vedlegg er lagt ut til offentlig ettersyn på NVE sine nettsider www.nve.no/konsesjonssaker fram til høyringsfristen går ut. Dersom du ønskjer papirutgåve av søknaden, ta kontakt med Frode Ellingsund på tlf.: 99 25 46 99 eller e-post: frode.ellingsund@kinn.kommune.no.

Alle som har ei meining om saka, kan sende ein uttale på éin av følgjande måtar:

- via skjema for uttalar, som de finn på nettsidene våre
- via e-post til uttalelse@nve.no (merk e-post med «Høyringsuttale» og saksnummer 202102364 i emnefeltet, og skriv namn og organisasjonsnummer i innleiinga viss du representerer ei verksemd)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO

Frist for uttale er innan **26.1.2023**.